



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 28.04.2021
Vår ref: 20/02912-13
Deres ref:

Høyring av søknad om driftskonsesjon for Sandvensura på gbnr. 315/16, 315/2, 330/1, 330/18 og 330/149 i Ullensvang kommune. Søkjar: Hardangerskifer AS

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43. Ein driftskonsesjon fastset blant anna korleis mineralførekomsten skal takast ut, korleis uttaksområdet skal sikrast under og etter enda drift, og andre forhold som må takast hand om under drifta. Driftsplanen for uttaket er ein del av høyringsdokumenta.

For at søknaden skal bli så godt opplyst som mogleg, sender vi saka på høyring, jf. forvaltningslova § 17. Heile eller delar av høyringsfråsegna kan bli refererte i vedtaket om driftskonsesjon.

Vi presiserer at det er kommunen som bestemmer arealbruken i medhald av plan- og bygningslova.

Høyringsfrist: 26. mai 2021

Høyringsdokumenta er tilgjengeleg på <https://dirmin.no> under «saker til høyring».

Samandrag av søknaden

Hardangerskifer AS (org. nr. 968 125 001) har søkt om driftskonsesjon for Sandvensura. Konsesjonsområdet er lokalisert på gnr./ bnr 315/16, 315/2, 330/1, 330/18, 330/149) i Ullensvang kommune (tidlegare 11/369 i Kvam kommune og 15/2, 30/1, 30/18, 30/149 i Jondal kommune).

Omsøkt konsesjonsområde er på 330 dekar og kjem fram av kart i høyringsdokument side 14 og 15.

Det vert teke ut skifer. Området er i kommunens reguleringsplan, vedteke 20. juni 2018, regulert til steinbrot og masseuttak. (Planid: 12272014002).

Det er anslått eit årleg uttak på om lag 30-40 000 m³, og eit totaluttak på 1 230 000m³. Årleg uttak kan variere som følgje av marknad og etterspørsel.



Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF oppfordrar om at høyringsfråsegnene inneheld grunngjevne synspunkt på om driftskonsesjon skal tildelast eller ikkje med bakgrunn i dei forhold som DMF skal vurdere. Om det er forhold som ikkje er tilstrekkeleg opplyst i søknaden, ber vi om informasjon om det.

Vi gjer oppmerksom på at DMF ved eigne søk i relevante karttenester, har registrert at det er gjort enkelte funn. DMF har ved søk i Artsdatabanken den 09.04.2021, funnet at influensområdet for makrellterne (sterkt truga) overlappar med omsøkt konsesjonsområde, sjå kart på side 16 i høyringsdokumentet. Søk i Naturbase den 09.04.2021 viser at det er fleire kulturminner nært uttaket, samt eit område som er registrert som geologisk arv. I tillegg viser søket at det er registrert fleire artar av særleg stor forvaltingsinteresse nært uttaket, sjå kart på side 17 og 18 i høyringsdokumentet.

Vi ber særleg kommunen, statsforvaltaren og fylkeskommunen opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og inneber forureining. Vidare ber vi om instansane si vurdering av eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyringsfråsegnene skal sendast til e-post: post@dirmin.no eller med ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyving, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing



Christine Langås Kaspersen
overingeniør

Ingrid Nygård Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Ingrid Nygård Pedersen

Vedlegg:

Adresseliste - Sandvensura

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Hardangerskifer AS	Sandvenvegen 40	5600 NORHEIMSUND
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750 ODDA
Hardanger energi nett AS	Postboks 33	5782 KINSARVIK
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605 LILLEHAMMER
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423 OSLO

Kopi til:

Hardangerskifer AS	Sandvenvegen 40	5600 NORHEIMSUND
--------------------	-----------------	------------------